

# LÆREPLAN AV 2017- "Kulturskole for alle"

## VÅRE FAG: Musikk-Dans-Teater-Bilde-Produksjonsteknikk.

<p><b>VÅRT MANDAT</b></p> <p>Aukra kulturskole skal gje opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønskjer det, og være eit kunstnarisk og kulturpedagogisk kompetansesenter i kommunen.</p>	<p><b>VÅR PEDAGOGISKE PLATTFORM</b></p> <p>Kulturskolens sin identitet ligg i gjensidig samhandling mellom opplæring, aktivitet og utøving innan kunstfaga.</p> <p>Kulturskolen skal gjennom sine ulike tilbod utvikle enkeltindividet og samtidig bidra til kulturaktive innbyggjarar på kulturarenaer lokalt og regionalt.</p>	<p><b>VÅRT FORMÅL</b></p> <p>Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk.</p>
<p><b>BREIDDEPROGRAM</b></p> <p><i>Gruppetilbod som skal nå flest muleg og være ein innfallspørt til vårt kjerneprogram. Eks. Musikkleik, KuDraMuDa, Intro, Musikkterapi, Fleire Fargar og tilbod i barnehage og grunnskole. (Ressurscenter)</i></p> <p>Undervisninga skal bidra til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- at eleven får mulegheit til å bli kjent med dei ulike kunstfaga i kulturskolen.</li> <li>- at eleven får grunnleggande ferdigheiter som er med å skape tryggleik, meistring og stimulere til individuell utvikling og danning.</li> <li>- å gje kollektive opplevingar der fellesskap og samhandling er i fokus.</li> </ul>	<p>Eleven skal stå i sentrum for opplæringa. Undervisninga skal baserast på elevens aktive medverknad, bidra til å trene ferdigheiter innan kunstuttrykket og skape gode erfaringar der medverknad, speglede og kreativitet står i sentrum.</p> <p><b>KJERNPROGRAM</b></p> <p><i>Instrumental-og vokalopplæring, musikkterapi, grupper i dans, teater, -produksjonsteknikk og visuelle kunstfag.</i></p> <p>Undervisninga skal bidra til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- at eleven utviklar ferdigheiter og kreative evner i faget, ut ifrå sine egne føresetnadar.</li> <li>- å utvikle eleven til sjølvstendig utøvar i faget sitt både som enkelt individ og i samhandling med andre.</li> <li>- å gje motivasjon så eleven dannar eigarskap og tek ansvar for eiga læring.</li> </ul>	<p><b>FORDJUPNINGSPROGRAM</b></p> <p><i>Tilbod til elevar med særleg interesse og evner for faget og som er motivert for større undervisningsmengde og systematisk eigeninnsats.</i></p> <p>Undervisninga skal bidra til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- at eleven utviklar faget sitt på eit høgt nivå.</li> <li>- at eleven får mulegheit til å ta i bruk sin fagkompetansen til å skape egne uttrykk.</li> <li>- å ha sterkt fokus på øving og formidling frå ei scene.</li> <li>- at eleven utviklar indre motivasjon og evne til å være sin eigen lærar.</li> </ul>
<p><b>ELEVANE I KULTURSKOLEN</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Er ulike og likeverdige.</li> <li>➤ Er kreative, nysgjerrige og engasjere.</li> <li>➤ Er aktiv og medvirkande.</li> <li>➤ Har behov for trygghet og sosial tilhøyre.</li> <li>➤ Blir behandla med respekt</li> </ul>	<p><b>VÅR ROLLE SOM LOKALT RESSURSSENTER</b></p> <p><i>Kulturskolen samarbeider med barnehage, grunnskole, helse, næringsliv, private og frivillige lag og organisasjonar gjennom sal av lærar-og dirigentteneste. Vår oppgåve er å:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Leverer kulturfaglig kompetanse av høg kvalitet.</li> <li>➤ Inspirere, inkludere og legge til rette for oppleving, erfaring og samskaping.</li> <li>➤ Styrke oppvekstmiljø og tilhøyre med å legge til rette for inkludering, fellesskap og mangfald.</li> <li>➤ Skape identitet, syne kultur mangfald og løfte fram vår lokale kultur og historie.</li> <li>➤ styrke innovasjon og entreprenørskap.</li> </ul> <p>I tillegg samarbeider kulturskolen med andre einingar i kommunen og regionalt med andre kulturskolar, vidaregåande skolar, teateret vårt, M&amp;R fylke (DKS), Operaen i Kristiansund., m.m.</p>	<p><b>LÆRAREN I KULTURSKOLEN</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Er inspirator og motivator.</li> <li>➤ Er godt forberedt og løysningsorientert.</li> <li>➤ Er tydelige leiar med høg fagleg kompetanse.</li> <li>➤ Er lyttande og ser alle.</li> <li>➤ Er god rollemodell både som pedagog og utøvar.</li> <li>➤ Har evne til utvikling og fornying og bidreg til ein lærande organisasjon.</li> </ul>